

Halling- jom



Lagsblad for Hallinglaget ~ i Oslo ~
~ N.R. 2/13

INNHALD

Innhaldsliste	side	3
Fyriord	side	4
BLS feira 90 år	side	5
Nordahl Bruns gate 22	side	6
Springarmønstringa i vår	side	8
Buskerudkappleik i Hemsedal	side	10
Hallinglagsnytt	side	12
Minikurs og bilde	side	13
Helgekurs i hallingspringar	side	14
Program for hausten	side	15
Frie Skoggangsmenn	side	16
Folkemusikkveka på Ål	side	18
Planter på Hallingbu	side	21
Lagsinformasjon	side	24
Folkedanskveldar	side	25
Styret i Hallinglaget	side	26

Fyriord

Hallinglaget ynskjer alle velkomen til ein ny haust!

Om ein studerer programmet på midtsidene ser ein at ein kan lære seg hallingspringaren denne hausten òg. Elles veit eg lite om kva framtida vil bringe, eit nytt Stortingsval skjer denne helga, og det er ikkje sannsynleg at det blir enklare for eit lite lag som vårt. Det er dei kommersielle kreftene som rår. Folk må difor forvente å ta i eit tak om ein vil at smale kulturformer skal leve vidare. Eg håper alle kjenner verdien av at me har vårt eige hus i hovudstaden, og at alle har hatt fine opplevingar på dei mest aktuelle tilskipingane dette året: Rørosmartnan, Buskerudkappleiken, Folkemusikkveka på Ål, Landskappleiken som i år var på Røros, Gamaldansfestivalen som i år var på Løten og Jørn Hilme Stemnet. Det er særskilt viktig at ein støtter opp om folkekulturen slik at me også i framtida kan kose oss med springar, pols og gamaldans.

Hallinglaget er so heldige å ha eit kjempebra Styre, som kan få til kva som helst. Sjølv om mange er særskilt opptekne på kvar sin kant, er det moro å oppleve kor fint me jobbar i saman når det trengst. I haust blir dei store tilskipingane Oslokappleiken og Helgekurset vårt med Hallingspringar! Tradisjonen har blitt slik at ”alle” møter opp på dette helgekurset for å ta imot nye dansarar, kose seg med god instruksjon, godt spel, god mat og mosjon og sosialt samkvem. Eg er viss på at det blir ”svart” med folk på kursa våre denne hausten òg!

Men eg er bekymra for framtidig drift og styring av Huset vårt i Nordahl Bruns gate 22 ... Bygdelagssamskipnaden (BLS) må ha med folk som vil ta i eit tak, utan betaling, så her må me finne idealistar som ser verdien i at me har vårt eige hus (*). BLS var i år 90-år, og dei skipa til ein triveleg bursdagsfeiring under Bygdøystemnet denne våren. Her var det nok samla omlag hundre personar! Det vart ei særskilt triveleg stund der me fortærte ei sjeldan god blautkake av type Stor, som var bakt på kjøkenet til Bondeheimen. Bra! Eg synes at dette fortener eit par bilde på neste side. For i år vart det ikkje teke noko bilde av gjengen som dansa på Lagdansen på Røros! Men Hallinglaget rettar ein STOR TAKK til dei som pakka sekken og var med å dansa lagdans alt på torsdagen på Røros. Det var gildt at me fekk til eit lag so langt av garde!

Velkommen skal de alle vera, til nymåla lokale i Nordahl Bruns gate, til trivelege lag med spel og dans. I mellomtida, kos dikkon med Hallingljom

Leve Hallinglaget!

Beste helsingar
frå Terje

(*) Folk som er interesserte i å halde liv i BLS må si frå til Hallinglaget. Dette gjeld sjølv om det er nokon som gjerne vil vere med i Styre og Stell i Hallinglaget.

MERK: Dette kan bli det siste trykte bladet av Hallingljom! Trykkeriet vårt er historie!
Neste utgåve blir sannsynleg berre på elektronisk form! For å sikre deg neste utgåve send Epost-adressa til laget om me ikkje har ho!. Eller les avisa på: www.hallinglaget.net



Blautkaka på Bygdøy vart skjært opp av to særskilt dyktige damer i BLS som tar i eit tak!
Frå venstre Live Sigrid Horn (Nestleiar) og Anne-Lise Berggren (Leiar).
Hallinglaget takker desse damene for ein framifrå innsats for BLS, samstundes som
Live er Leiar for Telelaget og Anne Lise er Leiar for Sogn- og Fjordaneringen!!
Så dei er verkeleg dobbeltarbeidande som mange kvinner er (Foto: Tone Eid)



Litt av det eine langbordet på Bygdøy 2013! Her ser ein mellom anna Tone Eid,
Terje Grangård, Heidi Wie, Svein Aasen og Edvin Øen. Foto frå Tone Eid.

Nordahl Bruns gate 22, arvesylvet til laga!



Nordahl Bruns gate 22, før fasaden vart pussa opp! Fotograf begge bilder: Terje Grangård.




Nordahl Bruns gate 22 i all sin prakt i 2013 etter oppussinga. Ein stor takk til Olav Thon.

Nordahl Bruns gate 22, som er verdt opp mot hundre millionar, er arvesylvet til bygdelaga i Oslo. Garden ligg midt i hjartet av hovudstaden. Har du ikkje vore der på ei tid, så ta ein tur innom for å sjå forvandlinga! Bygdelagssamskipnaden (BLS), der Hallinglaget er eitt av laga, eig denne verdifulle garden. Det er BLS som som styrer med drift og vedlikehald, sjølv om drifta akurat no blir gjort av Olav Thon Gruppen. Thon syntes det var så trist at BLS ikkje fekk til drifta; så han vil hjelpe oss i fem år med å få garden på fote. Me er no inne i det andre året og no går drifta så det suser. Det er rydda opp i alle leigeavtaler og mykje er pussa opp inne i garden også. Ein satsar no spesielt på boliger, og ein ynskjer å leige ut til studenter og bygdefolk som kjem til Oslo for å studere. Akkurat som i byrjinga til garden.

Om nokon av Hallinglaget sine medlemer kunne tenke seg å vere med på denne styringa/drifta er det viktig at dei sier frå til laget/BLS slik at me får til god drift også etter at Thon gjer seg. For etter tre år må BLS ta over drifta. Og som de alle veit, så er jo hallingen særskilt gode til å få ting til å gå, for dei er arbeidsame og nøysame. Om ein ikkje finn folk må ein nok sette drifta bort til profesjonelle folk, noko som kostar – men som er betre enn vanstyre av garden ...

Underteikande er særskilt takksam for at Olav Thon bidrar så sterkt som han gjer. Han sikrar oss ei leigeinntekt på minst fem millionar i året og han gjer rekneskapen gratis og andre ting rimeleg. Eg reknar med at verdiane me får kvart år no, er i storleiken to millionar kroner. Så forutan at me fekk fire millionar til oppussing første året og sletting av gjelda på vel ti millionar (desse ti millionane må me rettferdig nok betale attende om me sel garden vår!). Thon hiver jo ikkje peng etter folk som ikkje fortjener det. Men med Norges beste sponsor i ryggen som Thon er det lett å få ting gjort. Takk til gode hjelpare som Thon og for alle dei som arbeider gratis i Styre og Stell for Bygdelagssamskipnaden.

Terje



Olav Thon har vore vår store velgjører dei siste to-tre åra.

Springarmönstringa våren 2013



Springarmönstringa vart ein stor suksess. Her er nokre av dei som var med:

Frå venstre: Berit Glaser, Heidi Wie, Grete Iversen, Elin Berget, Oddmund Vestenfor, Sigbjørn Galdal, Terje Grangård, Simon Hesselberg Løvald, Anbjørg Myhra Bergwitz, Merete Mølbach, Mari Nustad, Svein Aasen, Else Mohn, Berit Grøtt Ellefsen, Hildegunn Plassen. Dei som sit fremst er Hilde Kirkebøen og Lisa Grav Henriksen.

Springarmönstringar som Hallinglaget skipa til sundag 14. april og vart ein stor suksess.

Det var særsmoro at idéen til våre ”nye” styremedlemer, Sigbjørn Galdal og Simon Hesselberg Løvald, slo så godt an. Folk kom i flokk og følgje denne sundagen, for å danse to og to, til opptak på video! Samt få råd og kritikk om dansen sin! Her må dei to dommarne få skryt, Oddmund Vestenfor og Hilde Kirkebøen. Begge klarte med venlege ord å få folk til å bli meir bevisste i dansen sin, samstundes som dei fekk noko som dei kunne øve vidare på. Hilde spelte også for oss. Eg er imponert over at Hilde spelte låter som ”høvde” til para, og som dansarane likte godt. Då blir dansen også betre. Eg trur det var heile 11 opptak/par, dvs. at nokre av gutane måtte på golvet eit par gonger slik at alle fekk danse. Opptaka vart sendt til Folkemusikksenteret i Buskerud, som ligg i Prestfoss, nederst i Sigdal. Oddmund er for tida aktivt med som kasserar i Buskerud Folkemusikkklag.

Takk til alle som var med oss denne sundagen før Folkedanskvelden starta.



Heile Styret i Hallinglaget var samla på Springarmönstringa!

Frå venstre er Berit Grøtt Ellefsen, Sigbjørn Galdal, Else Mohn, Terje Grangård, Elin Berget og Simon Hesselberg Løvald.



I Hallinglaget dansar unge og eldre saman og gler seg over dansen.

Her dansar Berit Glaser og Simon Hesselberg Løvald saman og videoen blir lagra i Folkemusikksenteret i Prestfoss, for ettertida.

Takk til alle som stilte opp på Springarmönstringa og som gjorde denne tilskipinga til ein stor fest!

Buskerudkappleiken Fausko Skysstasjon, Hemsedal, 3-4 mai 2013

Endeleg var Buskerudkappleiken lagt til Hallingdal att, så da var det bare å sæla på.

Som sagt så gjort, og eg kom ikkje lenger enn til Noresund før snøen dekka bakken med eit kvitt fint teppe. Då vart det å parkere hos Terje på Flå, mens han losa oss trygt fram til Fausko over snoektekt fjell på sumardekk, det gjekk fint!

Alle var ikkje like tøffe som Terje kva sumardekk angikk, og slik vart det litt mindre deltaking på kappleiken enn venta, men slik vart det og ein særslig intim og fin kappleik inne på låven.

Eg skal ikkje her seja så mykje om Fausko Skysstasjon, anna enn at dei som ikkje har vori der bør koma seg avgarde, for dette er litt av ein plass, og litt av eit vertskap. Astri og Knut Fausko heldt hus, og har mykje å by på; bla. Fauskivalen 23-25 august. Avgarde med seg.

Nok ein gong var Hallinglaget så heldige å få forsterkningar frå vene i dalen, både til lagdansen av Torstein Gjeldokk og Nora Thorsrud og av spelemann Øyvind Brabant, som spelte oss opp til seier saman med «vår eigen» Ola R. Imset. For vi vant nemleg klassa vår, og det skulle godt gjerast å ikkje klare det da me var dei einaste som stilte i lagdans senior... kor vart det av hallingane ???!???

Dei som dansa var: Terje Grangård og Elin Berget, Heidi Wie og Olav Arne Løstegaard, Anne Stuvøy og Simon Hesselberg Løvald, Nora Thorsrud og Torstein Gjeldokk, og Oddmund Vestenfor og Else Mohn.

Her deltok mange C-klassingar, og det er alltid fint og positivt. I lagdans stilte dei med laget «Hallingdal mix», og dansa seg til seier i klassa. Det var ikkje mange A- klassingar, men Øyvind Brabant spela, og ikkje berre individuelt, men også som spelemann for dei fleste dansepara. Og i lagspel senior der han og resten av Hallingdal Låtelag toppa klassa, tett før Hemsedal spelemannslag.

Underteikna var tungt inne i innpiskinga av deltakarane, men med så korte avstandar vart det likevel mogleg å få med seg det meste. Og ikkje minst dei unike øvingsromma i stugune i Skysstasjonen.

Det var mykje fin hallingspringar å sjå, men også springar frå Telemark og Numedal. Heile tre spelemannslag spela, og Anders Herfoss med toradaren sin spela seg inn i alles hjarte, medan Elisabeth Syrdal Ellingsen gjorde det same med sin song, godt inspirert av min yndlingskvedar- Gunnlaug Lien Myhr. Lausen til Simon fekk eg ikkje sett, og det var synd, for i følgje Terje: «Eit siste kast som satt som spikra der hatten for vidt omkring». Og så springaren med Ingunn; dei dansa så godt saman at her må Ulf Arne passe på. Og så må eg seja at når Ingunn og Jo Asgeir set seg ned med kvart sitt trekkspel på fanget, ja da er det berre å stoppe opp og nyte, heilt fantastisk som dei spelar! Etter kappleiken var det hallingkasttevling som Bjørnar Heimdal frå Numedal toppa med eit kast på 2,30 meter-sprekt!

Så bar det inn i stugune på Skysstasjonen til ein tre retters middag. Mange hadde meldt seg på, og stemninga vart høg. Fausko baude på nydeleg mat, og gjestene på gode historier, toppa av Erik Onstad, og da var det ingen som gjerne ville forlate bordsete. Men da Kenneth bad oss

fint om å trekke ned i låven att til premieutdeling der ungdommen satt og venta, vart det likevel slik.

Poengsum, premiar og syning av vandrepremiar gjekk raskt unna, før Arne Anderdal sette i gang med fyrispel- eit par fine låttar frå Hemsedal. Alle som deltok fekk cd'en Godsruta, tradisjonsmusikk frå Hallingdal g Hemsedal, med Arne Anderdal, Erlend Styve, Anders Hall, Leif Ingar Ranøien og Olav Underland. Vidare veksla dansespelet mellom gamaldans og springar; frå Hemsedal Spelemannslag, Hallingdal Låtelag og Eiker Spelemannslag, Øyvind Brabant, Kenneth, De Gala, Anders Herfoss, Arne Anderdal, Lars-Ingar Meyer Fjeld og Torstein og Kjendisane. Da me forlèt lokalet i 01-tida dansa fleire enn venta på golvet i ein drivande laus, og stemninga var høg både på og utanfor dansegolvet.

Eg sit att med ei god kjensle etter ein slik kappleik, der me vart tatt godt imot både av kappleiksfolket og av vertskapet på Fausko. Og nokre gongar er ein så heldig å få oppleve noko heilt utanom det vanlege, og nett slik vart det for meg da vertskapsparet, Astrid og Knut entra golvet under kappleiken og gav dansen ein ny dimensjon med sin Hemsedalsspringar; noko så samdansa og noko så vart og samstundes sterkt skal ein leite lenge etter , det var reint som dei to vart ein person der dei leika og gleda seg saman på golvet; - leve dansen som aldri sluttar å gje store opplevingar og glede!

Else



Bjørnar Blaavarp Heimdal sparka høgast i Hemsedal. Foto: Lågendalsposten

Hallinglagsnytt!

- Simon Hesselberg Løvald vant Laus klasse B på Landskappleiken med heile 90 poeng! Han var lykkeleg, fekk til alt når det gjaldt og fekk det første nappet til A-klassa. Etter denne innsatsen på torsdagen før han vidare ut i den store verden (Ungarn) for nye danseoppdrag! Simon er danseleiar i Hallinglaget og vil bidra på øvingane framover.
- Hallinglaget i Oslo klarte å stille lag på Røros, og deltok i Lagdansen for 7. gong på rad! Sjølv om me slit litt med å få til lag, så er stemninga særskilt god under desse tevlingane. Både Øyvind Brabant og Ola R. Imset spelte for oss, så musikken var heilt topp. Men det tok si tid før me kom på scena, me gløymde å smile og hadde ikkje nokon innovde tøk. Så me måtte nøye oss med 72 poeng og bli nr. 26 av 28 lag. Betre lykke neste år, på heimebane, Geilo! ***Ein stor takk til alle som var med!***
- Leiar Terje Grangård har snart lagt ungdomstida bak seg? – for han fylte heile 60 år den 17. august! Han likte ikkje å ha blitt så gamal, så det vart ikkje ”feira stort”. Men då han har ei fantastisk syster som heiter Liv, kunne han ”gøyume” seg der og feire dagen med dei aller nærmaste. Jubilanten ynskjer ikkje merksemld om dette, han håper berre at folk vil fortsetje å danse i Laget. På første øvinga 11. september vart han overraska og heidra med to supre blautkaker som Berit og Else hadde baka! Terje gleda seg over at godsakene også kom heile dansegjengen til gode.
- Bergitte Kjosvatn fekk ei nydeleg dotter som skal heite Johanna den 20. august.. Alt står bra til med mor, barn og far. Pappa Tron Steffen Westberg bur no i i hovudstaden, og me håper å få til ei polsøkt etter ei springarøving når me har slik ein spelemann i byen. Hallinglaget gratulerer dei stolte foreldra og ynskjer dei alt godt framover.
- Karin Code, vår kjære spelvinne frå USA, kjem tilbake til Oslo denne vinteren og vil vere med i laget att. Laget ynskjer henne velkommen både som dansar og spelvinne, for Karin er ei av dei mest ivrige og dyktige spelemenn me kjenner i Amerika!
- Styremedlem Sigbjørn Galdal fylte 50 år den 19. august!. Dagen vart mellom anna feira med nokre gode vene på Brasserie France i Oslo. Sigbjørn har også skifta jobb og går nå laus på det andre året som lærar, der han lærer ungdomen realfag og anna kunnskap.
- Vår gode medlem og støttespelar Olav Thon fylte heile 90 år den 29. juni. Hallinglaget fekk sendt han ei lita helsing, med eit bilde av dei som var med på Hallingbu nokre dagar før, der me alle ønska han mange gode år framover. Igjen **takk** til Olav for alt det han gjorde på Hallingbu i fjor!

MINIKURS i HALLINGSPRINGAR

Sundag den 15. september i Halli kl. 18.00

Instruksjon frå 18.00 – 19.30 ved Knut Skrindo som får hjelp av jentene i laget.
Dansespel ved vår særsgode spelkvinne Hilde Kirkebøen.

Frå kl. 20.00: Hallingspringar ein ekstra time.
Kom aleine, som par eller fleire i fylgje. Dansarane i Hallinglaget er mobilisert!

Inngangspengar: 120 kroner som gjeld for heile Folkedanskvelden.
Hugs at det kvar sundag er Folkedanskveld i Nordahl Bruns gate!

Ta med deg danseskoa og kom og dans! Alle er velkomne.
Oppfordring til alle: Drive litt PR for denne kvelden, så fleire lærer seg dansen vår ...



Dei som var med på Spikjikjøtturen i 2013. Frå venstre Terje Grangård, Ove Bakken, Grete Iversen, Heidi Wie, Hilde Kirkebøen, Merete Mølbach, Trond Roseth (bak), Gro Sissel Taraldrud, Hans Kilen og framom ser me Laika – hunden til Hilde som liker hardingfelelæte!

HELGEKURS I HALLINGSPRINGAR

9. - 10. november 2013



Biletet syner **Håkon Tveito og Sissel F. Rudningen**
på Jørn Hilme stemnet 2007. Der vant dei A-klassa!

Laurdag: 9. november, kl. 12.00 - 16.00

Sundag: 10. november, kl. 12.00 - 16.00

Stad: Storsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

Instruktør:

Håkon Tveito, A-klasse dansar.

Legendarisk dansar frå Leveld i Ål.

Landskappleikvinnar/Kongepokalvinnar!

**Alle dansarane i laget vil vere med og
lære folk dansen så godt dei kan.**

Spelemenn:

**Ola R. Imset (laurdag) og Hilde Kirkebøen
(sundag), begge på hardingfele.**

Mat: Det blir ei god matpause kvar dag der kvinnene i laget vil sørge for maten.

Pris: Kr. 400,- for deltakarane, der mat, kaffi og te er med i prisen!

Studentar og ungdom under 20 år berre kr. 300,-.

Kursinformasjon: Dette blir eit kjempebra kurs, både for nye og for røynde dansarar. **Håkon Tveito** (1970) er ein legendarisk A-klasse dansar frå Leveld i Ål som har dansa hallingspringar sidan han vart fødd! Han veit svært mykje om dans, og folk vil gjerne ha han til å halde kurs eller vera dansedomar. Han har vore fleire gonger i USA for å halde kurs, og der har folk blitt bergtekne av dansen vår og den fantastiske musikken som hører til. Dansespelet vil våre kjære spelemenn Hilde Kirkebøen og Ola R. Imset sørge for.

Håkon vant A-klassa i Dans Hardingfele saman med Gunnlaug Lien Myhr i 1993 og 1995. Og i 1995 i Førde vant dei også den oppsette kongepokalen!. Dette kurset blir ei stor hending i Hallinglaget, for Håkon er ein av dei beste dansarane me har i landet. Sist han var her vant Hallinglaget Oslokappleiken helga etterpå! Takta var på plass hos alle!

Håkon vil leggje vekt på mange interessante moment i hallingspringaren:

- slik som rytme, steg, teknikk, vendingar og variasjonar....

Her blir det liv og leik, og mange deltakarar!

NB! Meir hallingspringar får ein ikkje dansa i haust ... **så meld dykk på med ein gong!**

Program i Blåsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

Det er springardansing desse onsdagane:

- 11. sep.** Springarøving kl. 19.00.
- 25. sep.** Springarøving kl. 19.00.
- 9. okt.** Springarøving kl. 19.00.
- 23. okt.** Springarøving kl. 19.00.
- 6. nov.** Springarøving kl. 19.00.
- 20. nov.** Springarøving kl. 19.00.
- 4. des.** Juleavslutning m/dans kl. 19.00.
Utdeling av diplom til ihuga dansarar

Andre viktige hendingar dette halvåret:

Sundag 15. september: Minikurs i hallingspringar,
før Folkedanskvelden kl. 18.00. Hilde Kirkebøen spelar!
Det blir **særs god** instruksjon ved **Knut Skrindo** i ein og ein halv time,
og det blir springardans ein ekstra time etter kurset. **Møt opp!**

Laurdag 26. oktober: Oslokappleiken i NB gt. 22 heile dagen,
Kappleksfest med mykje dans og moro på kvelden!

Sundag 10. november: Hallinglaget er tilskipar av Folkedanskvelden
frå kl. 19.30. **Enebakk Spelemannslag** med **Ola R. Imset** spelar.

9. – 10. november: Helgekurs i Hallingspringar!
Laurdag og sundag, frå kl. 12.00 – 16.00 begge dagar.
Instruktør: **Håkon Tveito, legendarisk A-klasse dansar frå Ål.**
Håkon er både Landskappleikvinnar og Kongepokalvinnar!
Spel ved: **Ola R. Imset og Hilde Kirkebøen** (hardingfele)
Pris: kr 400,- for kurset, der eit måltid mat kvar dag er inkludert i prisen!
Møt opp og bli ein betre dansar!

VELKOMNE SKAL DE VERA!

Meir info. på www.hallinglaget.net

KONTAKTPERSONAR:

Terje Grangård (22 52 22 67/ 48 20 46 52), (grangard@c2i.net)
Berit G. Ellefsen (48 04 00 62), (berit.ellefsen@dnbnor.no)
Elin Berget: (98 01 99 10), (elinberg04@hotmail.com)

Frie Skoggangsmenn

(Ved medlem frå starten: Hans Kristian Kilen)

Frie Skoggangsmenn er et brorskap av naturvenner, stiftet på Brandtjernshøgda i Nordmarka høsten 1962.

Skoggang: gammel norrøn betegnelse for fredløshet, med fullstendig utstøtelse av samfundet.

Skoggangsmann: mann som er dømt til skoggang.

Det var en gjeng unge speidere – medlemmer av 2. Grefsen speidergruppe - som startet denne eksklusive klubben for 51 år siden.

I helgene var vi stadig på farten i Oslomarka, men det ble også mange turer i andre deler av landet. Vassfaret og Vidalen var populære trakter. Mikkjel Førhus har jo skrevet mye herfra, om bjønn og skoggangsmenn.

Lillomarka var også et område vi fartet mye i. Vi som bor på Grefsen har jo denne marka like innpå oss. Holåsmosan var selve paradiset for oss, så der var vi ofte. Og i traktene rundt Sinober.



Kos rundt bålet einstad i Lillomarka ...

Som de fleste klubber har jo også vi en formålsparagraf:

"Frie Skoggangsmenn vil – gjennom friluftsliv og vennskapelig samvær – styrke medlemmenes naturfølelse og brorskapsbånd, verne om vår norske kulturarv, samt gjennopprette respekten for Huldrefolket og andre vetter. Fortidsminner og nasjonale tradisjoner må bevares, og er en vesentlig og uunværlig motvekt mot spaltende krefter."

For noen dager siden hadde vi en liten sammenkomst ved Trollvann i Grefsenåsen. 8 medlemmer møtte fram, deriblant en forhenværende uteligger, som også er medlem hos oss. Åresmedlem Harald uteligger har bodd i ei primitiv plankehytte innunder en bergvegg i Grefsenåsen i 30 år. Det har blitt mange kaffekopper ved bålpllassen hans oppgjennom årene. Hytta hans er forresten fredet.



Her er nokre av dei frie skoggangsmenn på topptur i Vidalen ...

Frie skoggangsmenn har for tiden 18 medlemmer, som møtest ved jevne mellomrom. Fullmå nemøtene er di viktigste. Når det gjelder Huldra, så har vi selvsagt et godt forhold til henne. Hun har ofte vært observert i Lillomarka, særlig ved Linderudseter. Til slutt kan nevnes en sann historie som skogoppsynsmann Håvard Pedersen opplevde i slutten av forrige århundre:

Huldra ved Langvann:

Som skogoppsynsmann skulle jeg se innom en dugnadsleir for internasjonal ungdom i regi av Lions club. De var på vedhogst ved Kringla på Solemskogen, men da jeg kom dit, hadde de reist for dagen. Jeg tenkte så at når jeg først var her, og hadde fått litt ekstra tid til overs, kunne jeg ta en oppsynsrunde oppom Langvann like sør for Kringa. Det går en fin, gammel tømmervei for hest langs Kringla og til Langvann, og like etter motbakken gikk det plutselig ei ung jente like foran meg. Hun hadde langt lyst hår, noen vide underlige buksar, og bar en sekkr av bjørkenever på ryggen. Hun tittet vel rundt stien, og var tydelig interessert i naturen .Hun svingte rundt nordenden av Langvann, og fortsatte den blå- og rødmerkede stien mot Åsputton (Gjeddepotten).

Nesten øverst i bakken tok jeg henne igjen, men da svingte hun brått til venstre mot der som Lilleborg skole senere fikk etablere en lavvoplass. Siden hun minne sånn om Huldra, ropte jeg etter henne nærmest på spøk: ”Jeg tror det er selveste Huldra som er ute og går?”. Da snudde hun seg rundt og smilte bredt fra et kritthvitt, men vakkert ansikt: ”Det er det òg, det” sa hun, og forsvant mellom trærne.

Var det den ekte Huldra, eller ...

Tyri-Hans.

Folkemusikkveka 2013

Folkemusikkveka i år vart herlege maidagar på Ål, der også våret var på arrangørane si side! Og når godvêret på våren kjem til Hallingdal er det ingen vakrare plass på jord! Ekstra moro var det at fyrste året, med Ulf-Arne Johannessen som leiar, vart ein suksess frå start til slutt! No begynne folk og ungdom frå dalen og møte opp att, og det var ikkje rart med alle dei gode spelemenn som sørgja for konsertspel og dansespel med fynd og klem. Og Ulf-Arne satsa på ein lokal profil, som eg også trur er rett, for som Ulf-Arne seier: *"Me har så mange gode spelemenn i dalen som er heilt på høgde med dei beste i landet"*.



Toradertrioen sette farge Folkemusikkveka også i 2013: F.v. Oddvar Fingarsen, Thorleif Stave og Jostein Sørboen. (Arkivfoto Hallingdølen)

Og sjeldan har eg kunna tenkt meg å deltatt på meir enn det eg fekk med meg i år, men tida blir stadig travlare for meg. Så det vart den "vanlege langhelgji" frå og med fredag morgon til sundags morgen, då eg måtte ned att til Flå te meir våronn på eigedommen min der. Så eg fekk ikkje med meg "Ynskjekonserten", "Kyrkjekonserten" eller "Familiedagen på Ål Museum".

Men det var nok av høgdepunkt likevel! Av dei beste konsertane eg har vore på vil eg nemne "Slåttespel på Bristepunktet" med Jan Beitoaugen Granli, Daniel Sandén Varg og Ulf-Arne Johannessen på fredagen. For ein variasjon i spel og framføring, der folk kunne danse med om ein ville! Men spelet var så klokkeklart og bra at folk var sitjande og kose seg til spelet. Martin Myhr heiv seg utpå i ein liten laus som varma alle, og då Ulf-Arne tok oppatt godlåten Skinnbrokji som ekstranummer, kom det ein fem seks dansepar ut på golvet! For ein konsert!

Dagen etter, på laurdagen, var det to søkkande gode konsertar som eg fekk med meg i eit intimt lokale i Ål Pensjonat. Fyrst ut var det konsert med Hilde Kirkebøen og Øyvind Brabant, som underheldt oss med godt spel og fine historier frå mange spelemannsår i dalen. Etter ekstranummer og trampeklapp var det ut til finalen i "Laustevlinga", midt i gågata Myhren. For ei tevling for å si det mildt – her skulle ein vera **trena** for å få med seg premiepengane heim att. Takk til alle lausdanserane som skapte slik stemning i det vanvittig fine vårvêret – her må ein si at det var heilt svart av folk, i gata og på verandaen i høgda over. Og eg trefte ikkje mindre enn fire tidlegare leiarar i Hallinglaget (eller var det fem?). Vinnaren vart Ådne Kolbjørnhus frå Valdres, som fekk ti tusen kroner i handa og som måtte spandere ei øl på nummer to Martin Myhr! Eg trur den ølen smakte i solsteiken! Dumt at eg måtte køyre rundt med bilen min, men det smakte veldig godt med ei lettøl òg!

Seinare på dagen var det ny konsert som heitte "Durspel med meister og svein". Der fekk me høyre noko av det enorme slåttespellet som Thorleif Stave meistrar på durspel. Ikkje rart at den velintegrerte innflyttaren og durspelsveinen Anders Lunden Herfoss har lært ein del, og som no sjærmerer både unge og gamle hallingar. Han har ein ståande invitasjon til å spele i Hallinglaget om han skulle ta seg ein bytur. Ja, det har faktisk mange fleire på durspel, for me saknar dette spelet i hovudstaden etter at både Ingunn og Ulf-Arne har flytta oppatt te Ål.



Fantastiske dansejenter frå Hallinglaget som vitja Folkemusikkveka på Ål; her under ein gourmet-middag på Hallingdal Hotell. Frå venstre Mari Nustad, Else Mohn og Heidi Wie. Fotograf: Terje Grangård

Hallinglaget fekk til ei lag som dansa under Bygdamønstringa i år! Det var moro å sjå livet bak scena, og då det ikkje var så mykje dans der – så trur eg folk sette pris på at me dansa. Håpet er jo att folk skal sjå at me har det moro, og kanskje dukke opp på kurs og dans i hovudstaden. Då deltakarane har ein mogelegheit te å få sjå Bygdamønstringa etter at dei har vore på scena, fekk me sjå nokre av dei ungdomane som vil sørge for at folkemusikken vil leve vidare i dalen vår. Her må eg nemne unge Cecilie Skrindo på hardingfele som spelte fletta av folk. Neste år er ho gamal nok til å spele på Landskappleiken!

Og for ein dansespel dette året. Gamaldans av beste sort: Toradertrioen med komp, seks mann som fekk uss alle på golvet i ekte gamaldans frå Hallingdal. Her var det snert, vipp og glede. Dansen gjekk av seg sjølv, og mange unge folk kom seg ut på dansegolvet som gleda seg. Dette var på fredagen etter den fantastiske konserten med Stein Torleif Bjella med band. For ein konsert, her kom det folk frå Valdres i aust, til Oslo i sør og Telemark i vest. Det var søkkande moro å høyre Stein Torleif Bjella på heimebane, i storform, og med eit par ekstranummer med lokal vri. På laurdagen spelte norgesmeistrane i Gamaldans: Haugerud/Fingarsen/Evje med ”same komp”? som kvelden før – om lag like bra! Og med springarspel av Jan Beitoaugen Granli, Øyvind Brabant og Hilde Kirkebøen vart det for mykje for ein gamal skrott (som ikkje var godt nok trena). Så eg måtte ta meg kvil frå dansinga nokre stunder og prate med folk! Men det er jo også særstegn på Ål. Ein stor takk til alle som skapte kosen på Ål, og takk til Ulf-Arne Johannessen som fekk det te!

Terje



Folkemusikkveka blir avslutta på Ål Bygdamuseum. Stein Torleif Bjella og Marius Graff med Hilde Kirkebøen på fele. (Foto: Hallingdølen v/Sigmund Krøvel-Velle).

Hallingbu: Ti planter i tunet

Den 12. juni 2013 var eg på Hallingbu saman med andre frå Hallinglaget. Det vart ein særslig triveleg tur, og eg er viss på at både menneska, hytta og skogen ikring var med på å skape den gode stemninga. Etter turen er vi som var der, blitt litt betre kjende med kvarandre og med Hallingbu. Derimot er kanskje ikkje alle like godt kjende med plantelivet rundt hytta. Her vil eg difor ta for meg ti typiske planter som vi finn kring veggene på Hallingbu. Utanom dei aller vanlegaste, som gran, selje og blåbær, har eg valt ut nokre som ein lett får auge på når ein kjem inn på Hallingbu-tunet i midten av juni. Til slutt har eg også nokre råd til hyttestyret om planteskjøtselen.

Gran: Hallingbu er ei skogshytte, og skogen som omgir Hallingbu er granskog typisk slik vi finn han i det sentrale Austlandsområdet og kring Oslo. For meg som har vakse opp i ei skogsbygd på Austlandet, er difor Hallingbu ein stad eg raskt kjenner meg heime. Granskogen kring hytta er av litt ulik alder, men mykje er ungskog. I plantesystematikken er grana plassert i Furufamilien. Grana blomstrar i mai. Ho trivst best på mold- eller morenejord som er frisk eller fuktig.

Selje: I tunet, mellom hytta og uthuset, veks det ei selje. Det såg ut til at treet er blitt tatt godt vare på. Selja hører til Vierfamilien. Ho blomstrar i april-mai og trivst på frisk jord.

Blåbær: Plantesystematisk er blåbær å finne i Lyngfamilien. I ulike delar av Noreg er det blomstrandebåbær å sjå frå mai til juli. Blåbærplanta veks ofte på frisk, mager jord. Blåbærlyng og gran gir blåbærgranskog, som er det vanlegaste skogsfunnet i Sør-Noreg. Når blåbærlyng gir bær, kan ein få seg særslig god dessert!

Skogstjerne: Skogstjerna hører til Nøkleblomfamilien. Blomstringstida er fråmai til juli. Planta trivst på humus- eller sandjord, som kan vere alt frå tørr til fuktig. Namnet ser ut til å vere publisert første gongen i 1793, og Ove Arbo Høeg (1985) meinte at namnet truleg var laga av den som då publiserte det.

Maiblom: Maiblomen hører til Konvallfamilien. Blomstringstida er mai-juni. Planta veks på frisk eller fuktig, litt skuggefull og nokså mager jord. Denne planta ser det ut til å ha vore lite merksemd om i tradisjonen.

Raud jonsokblom: Jonsokblomen hører til Nellikfamilien. Blomstringstida er frå mai til august. Planta trivst på fuktig, næringsrik moldjord. På Hallingbu såg eg berre nokre få eksemplar av denne arten. I florabøkene har planta tidlegare hatt namnet *fløyelsblom* og *praktstjerne*. Desse namna står i kontrast til at bøndene på 1700-talet kalla planta for raudsottgras, fordi dei meinte at ho var årsak til sjukdom hos kyrne.

Jonsokkoll: Jonsokkollen hører til Leppeblomfamilien. Blomstringstida er mai-juni. Vi finn planta på frisk, humusrik, nitrogenfattig jord. På Austlandet og Vestlandet har denne planta ofte andre namn som har noko med *jetargut* å gjøre. Somme stader blir planta kalla *kattekloedna*, fordi blomane skjuler seg som klørne på ein katt.

Engfiol: Ikkje overraskande hører denne planta til Fiolfamilien. Blomstringstida er mai-juni. Engfiolenveks på både tørr og frisk mark.

Finnskjegg: Så er vi over på artane i Grasfamilien. Dette graset blomstrar i juni-juli. Finnskjegg kan vekse på open, frå frisk til fuktig, mager sand- eller torvjord. Namnet skal visstnok stamme frå *fi* - «vere spiss».

Gulaks: Dette er òg ein art i Grasfamilien. Gulaks blomstrar frå mai til juni. Denne grasarten veks på både tørr og frisk, mager jord. Dette er ei plante med god duft. Somme stader har gulaks vore nytta til te-drykk. Planta vart samla inn, helst i fjellet i august, tørka og kokt i ti minutt.

Så kan eg ikkje la vere å nemne den særslig fine veksten som ein eller annan hadde plukka med seg ein liten bukett av undervegs til Hallingbu og plassert på langbordet. *Liljekonvall* er namnet, og med dei kvite, duftande blomane sine, sette han prikken over i-en på Hallingbuturen.

Tre råd om skjøtsel:

- Ein bør framleis ta godt vare på seljetreet; det er alt no blitt eit fint tuntre og kan med tida bli ein skikkeleg «seljekall».
- Ein bør peike ut eit granholt på eigedomen der ein let trea bli verkeleg gamle; gamle grantre gir ei særmerkt skogsstemning, som ein bør ha hove til å oppleve på Hallingbu.
- Ein bør med jamne mellomrom klippe bort det som kjem opp av trevekstar nær hytteveggene og i området frå hytta til uthuset, og der det veks gras, bør ein helst slå og frakte bort graset ein gong ut på seinsommaren; på dette viset vil ein halde ved like ei triveleg litra glenne kring Hallingbu.

Litteratur

Høeg, O. A., 1985. *Ville vekster til gagn og glede*. – Universitetsforlaget AS.
Mossberg, B. og L. Stenberg, 2012. *Gyldendals store nordiske flora*. – Gyldendal Norsk Forlag AS.

Ove Bakken



Skogen suser med alle sine vekster rett attom Hallingbu.

Det meldes om bra med bær og sopp i skogen denne hausten òg.



Blomstervasen er på plass før alle er framme på Hallingbu. Her kjem Heidi Wie og Svein Aasen inn på tunet. Fotograf: Merete Mølbach



Hallingbu står stort sett eine og forlatt gjennom året. Ta ein tur! Fotograf: Svein Aasen.

Medlemspengar i Hallinglaget for år 2013

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 350,-**

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 200,- Merk!**

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS: **kr 175,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Bankgiro innbetalingskort skal ligge ved første sendinga etter nyttår. Laget treng pengar for å klare seg, så bruk innbetalingskortet! Betal snarast råd, dvs. i fyrste kvartal. Hugs alltid å skrive på namn på innbetalingskortet. Hallinglagets konto i Cultura Bank er **1254.05.18988.**

Medlemskap i Hallinglaget gjev deg desse fordelane:

- Reduksjon i pris på samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar, øvingskveldar og kurs i hallingspringar.
 - Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 15 personar.
 - Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
 - Reduksjon i pris på Det norske Teatret mot å syne medlemskort.
 - Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns gt. 22. Kvar sundag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19.30–23.00.
 - Informasjon om andre folkemusikktiskepingar i hovudstaden (post/meldingsliste).
-

Hallinglaget har fått eige organisasjonsnummer.

Hallinglaget har fått organisasjonsnummer: **982 732 840**, og er nå registrert både i Enhetsregisteret og Frivillighetregisteret i Brønnøysundregistrene.

Og som vår kjære kasserar Elin Berget i laget vårt sier:

Som kasserer er jeg veldig fornøgd med dette :-) Jeg var akkurat innom for å prøve lykken på lotto i kveld. Der fikk jeg registrert Hallinglaget som min grasrotmottaker ... det betyr klingende mynt i kassa vår. Hurra!

Vi må sende ut en e-post til medlemmene våre som informerer om at folk har mulighet til å velge Hallinglaget som grasrotmottaker! Hallinglaget får 5 % av det beløp folk tipper for. Dette gjelder for alle spill Norsk tipping har, bortsett frå Flax og Extra. Om du spelar i Norsk tipping er det fint om du også støttar Hallinglaget!

Folkedanskveldar hausten 2012

Gammaldans/turdans/songdans i Storsalen, og supertilbod på minikurs i Blåsalen!

Velkommen til Folkedanskveld i Nordahl Bruns gt 22 i Oslo.

Dato	<i>Storsalen kl. 19.30 -22.45</i>	<i>Halli, minikurs 1800-1930</i>	Arrangør lag
01. sep	Tonje og Stein Magne	Rørospols	Rundsnuen
08. sep	Solveig og Ole	Sørfjordspringar	Hordaringen
15. sep	Sofienberg spellemannslag	Hallingspringar !	Sogn- og fjordanelaget
22. sep	Østerdølenes spellmannslag	Stildans	Symra
29. sep	Spelemannslaget De frilynde	Linedance	Sogn- og fjordanelaget
06. okt	Brødrene Odde	Bingsjøpolkska	Sogn- og fjordanelaget
13. okt	Steinsgårdskroken	Menuett från Oravais	Symra
20. okt	Folk frå Musikkhøgskola	Valdresspringar	Valdreslaget
27. okt	Solveien spelemannslag	Finnskogspols	Hordaringen
03. nov	Farande Fant	Stildans	Symra
10. nov	Enebakk spelemannslag	Springar N-Sunnmøre	Hallinglaget i Oslo
17. nov	Bærum spelemannslag	Telespringar	Telelaget
24. nov	Fanteladdane	Finnskogspols	Hordaringen
01. des	Dølalæte	Nordlandspols	BUL
08. des	Elise Hildrum m/venner	Bodapolska	Sogn- og fjordanelaget

Inngang Folkedanskveld: Medlemmer kr 80,- / ikke-medlemmer kr 120,-

Inngang minikurs: Medlemmer og ikke-medlemmer **berre kr. 120,- som inkluderer påfølgjande Folkedanskveld!)**

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden

Les meir på: www.bl.no

e-post: bls@online.no

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden

Nordahl Bruns gt 22, 0165 OSLO

e-post: bls@ungdomslag.no

Styret i Hallinglaget 2013–2014

Leiar:	Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf.: 2252 2267 – heime 4820 4652 – mobil E-post: grangard@c2i.net
Nestleiar:	Berit Grøtt Ellefsen Gåserudgata 2A, 3032 Drammen	Tlf: 4804 0062 – mobil E-post: berit.ellefsen@dnbnor.no
Kasserar:	Elin Berget Slemdalsvingen 17, 0776 Oslo	Tlf: 9801 9910 – mobil E-post: elinberg04@hotmail.com
Skrivar:	Sigbjørn Galdal Skogveien 65F, 1640 Råde	Tlf: 4800 9581 – mobil E-post: Sigb-g@online.no
Medlemer:	Else Mohn Strømsveien 25, 0658 Oslo	Tlf: 9587 9270 – mobil E-post: helsemor@hotmail.com
	Simon Hesselberg Løvald Vibes gate 10A, 0356 Oslo	Tlf: 9363 7316 - mobil, E-post: simonlovald@hotmail.com

Bladstyre for Hallingljom:

Leiar: Terje Grangård Tlf: 4820 4652
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo E-post: grangard@c2i.net

Medlemer: Svein Aasen og Hans Kilen.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Terje Grangård eller til ein i Styret.

Hyttestyre for Hallingbu:

Leiar: Else Mohn Tlf: 9587 9270 – mobil
Strømsveien 25, 0658 Oslo E-post: helsemor@hotmail.com

Medlemer: Hilde Kirkebøen, Ingrid Eidsmo, Michel Gascoin og Trond Roseth.

Revisor: Alix Cordray **Tlf.:** 2225 2949

Valnemnd: Ola Imset, Grete Iversen og Svein Aasen.

Hallinglaget på nettet:

Nettadressa er: www.hallinglaget.net Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård
Sjå også: www.bl.no, www.folkedans.com, www.folkemusikkscena.no og
www.dans.laus.no!

Hallingbu



EREB
32%